



Alver kommune  
Trude Langeland  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5275 - 20/19960

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
17.04.2020

## **Oversender søknad om dispensasjon til utfale - gbnr 137/184 Alver**

Tiltak:	Dispensasjon
Byggjestad:	Gbnr: 137/184
Tiltakshavar:	Øystein Risa
Ansvarleg søkjar:	Øystein Risa

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet gjeve i § 2.2 i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, arealføremålet bruk og vern av sjø og byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.

Det er planlagt etablering av naust, kai og båtopptrekk på og ved gbnr. 137/184. I søknad er det opplyst at naustet vil ha eit bruksareal (BRA) på om lag 35 m<sup>2</sup>. Storleik på kai og båtopptrekk er ikkje opplyst.

Tiltaka er nabovarsla og det ligg føre nabomerknadar til planlagt tiltak. Tiltaka er varsla i 2 omganger og justert i høve merknadar ved 1.varslingsrunde.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er avsett til naustområde på land og bruk og vern av sjø.

Eigdommen ligg og i nærleik til omsynsone friluftsliv – Kyststien jf føresegna § 4.2.2 (H530\_8).

Tiltaket krev og det er søkt om dispensasjon frå plankravet i KDP § 2.2, føremålet bruk og vern av sjø KDP § 3.5 og frå byggeforbodet langs sjø pbl § 1-8.

## **VURDERING**

Saka vert no sendt på høyring til regionale og lokale mynde for uttale. Vår handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

### **Andre tilhøve**

Dei aktuelle tiltaka er synt på vedlagt teikningsmateriale. Det er ikkje oppgjeve storleik på kai og båtøpptrekk. Dersom tiltaka samla sett har eit større bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) enn totalt 50 m<sup>2</sup> vil det krevje at det vert innhenta nabosamtykke for plassering nærare eigedomsgrense enn 4 meter jf. plan- og bygningslova § 29-4, 3. ledd bokstav b, jf. byggtknisk forskrift (TEK17) § 6-4.

Det er per no berre søkt om dispensasjon med omsyn til lov og plangrunnlag, avstandstilhøve kan avklarast innan det vert søkt om løyve til tiltak, dersom det vert gjeve naudsynte dispensasjonar.

Dersom det skal opparbeidast ny gangsti fram til eigedomen så vi dette truleg også krevje dispensasjonar alternativt vil ein måtte legge fram privatrettsleg avtale som gjev rett til å nytte eksisterande alternativ tilkomst.

Heimelshavar/tiltakshavar bur mindre enn 100 meter i luftline frå eigedom gbnr. 137/184 og bur innan for gangavstand frå naustparsellen jf. definisjonar i KDP § 5 og kan nytte parkeringsplass ved bustad.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjever

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - GBNR 137/184 Alver  
E-postmelding - Søknad om dispensasjon - gbnr 137/184  
Vedlegg 2a,b,c,d,e\_\_tegninger og bilde.  
Vedlegg 4\_Nabovarsel\_\_GJELDENDE  
Vedlegg 5\_Kommentarer til merknader  
Vedlegg 6\_Forhåndsuttalelse Bergen Havnevesen

**Vedlegg:**

Vedlegg 7\_Side 25 i ``Forstudier til kommande kyst-sti  
Vedlegg 3\_Ikke gjeldene nabovarsel. datert 04.02.2020  
Utsnitt KDP gbnr 137\_184  
Utsnitt Orthofoto gbnr 137\_184

**Kopi til:**

Øystein Risa	Gamlastøa 11	5911	ALVERSUND
Øystein Risa	Gamlastøa 11	5911	ALVERSUND

**Mottakrarar:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER